

Leve heile livet

Handlingsplan Stad kommune

«Leve heile livet»
– ei kvalitetsreform
for eldre for å sikre
ein ny og berekraftig
politikk slik at alle
innbyggjarane skal få
ein god og trygg
alderdom.

Innhold

1. Innleiing.....	3
2. Mål og strategiar	5
3. Utfordringsbilete og avgrensingar mot andre planar	6
4. Kartlegging, medverknad og prosess knytt til arbeidet med planen	9
5. Tiltak på dei fem definerte innsatsområda.....	10
6. Plan for vidare arbeid med Leve heile livet.	27

1. Innleiing

Samfunnet vil i åra som kjem være prega av demografiske endringar. Endringane inneber færre fødde, auka levealder, endra helseutfordringar og auke i flyttestraumar. På nasjonalt nivå vert tal eldre over 80 år meir enn dobla fram mot 2040. Stad kommune vil som alle andre ha den same utviklinga. I tillegg vil framtida kunne innebere mangel på både arbeidskraft, pårørande og frivillige som er villige til å ta på seg omsorgsoppgåver.

Regjeringa la fram St.meld nr. 15 (2017-2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» for å sikre ein ny og berekraftig politikk slik at alle innbyggjarane skal få ein god og trygg alderdom. Det handlar både om betre tenester og tilbod, men også om eit samfunn der eldre får brukt sine ressursar. Med «Leve hele livet» skal eldre få høve til å meistre sine eige liv der dei bur – heile livet.

Reforma peikar ut 5 innsatsområde:

1. Eit aldersvenleg Norge
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltid
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

Reforma skal bidra til:

- Fleire gode leveår der eldre beheld god helse lenger, opplever at dei har god livskvalitet, og at dei i større grad meistrar eige liv, samstundes som dei får den helsehjelpa dei treng når dei har behov for det.
- Pårørande som ikkje blir utslitne, og som kan ha jamn innsats for sine næraste
- Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får brukt sin kompetanse og har gjort ein fagleg god jobb.

Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur i institusjon. Dette er ei stor målgruppe med ulike føresetnader og store variasjonar i behov og ynskjer. Eldrepolitikk er meir enn helse- og omsorgspolitik. Dagens og morgondagens eldre lev lenger, og mange har både 20 og 30 år som pensjonistar føre seg. Reforma ynskjer å sjå nærare på og sikre at vi har ordningar og tenester som er godt tilpassa og har nok berekraft til å møte ei framtid med fleire eldre. Reforma er særskilt retta mot helse- og omsorgssektoren, men alle sektorar må bidra til å skape eit meir aldersvenleg samfunn der eldre kan vere aktive og sjølvstendige.


Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar av mottakarar og behovet for personell og heildøgns omsorgsplassar i omsorgstenestene fram til 2060, byggjer på føresetnader om nokre av dei viktigaste drivkreftene for etterspurnad etter omsorgstenester: demografi, sjukdom, omfang av familieomsorg, standard på tenestene og produktivitet. Framskrivingar syner at tal mottakarar av omsorgstenester kan auke med 25 % fram mot 2030 og at sysselsettingsbehovet innan sektoren vert dobla. Vi må likevel ta med at det er mange usikre faktorar knytt til framskrivingane slik at behova kan verte både mindre og større enn den framskrivingane syner.

Uansett vil helse – og omsorgssektoren stå overfor store kapasitetsmessige utfordringar, men det ligg også nokre føresetnader og mogelegheiter som vi kan påverke og dermed redusere konsekvensane av reine demografiske framskrivingar:

- Nye generasjonar eldre har andre ressursar enn tidlegare eldregenerasjonar å møte alderdomen med, og må utfordrast til å bruke dei til å planlegge og meistre eige tilvære og ha eit aktivt fellesskap med andre.
- Det vil openbert vere fornuftig å støtte og ta god vare på pårørande som tek på seg omsorgsoppgåver, og legge forholda til rette for å samarbeid med lokalsamfunn og frivillig sektor.
- I helse- og omsorgssektoren ligg det store mogelegheiter i å utvide fagkompetansen, ta i bruk nye metodar, ny logistikk, alternative arbeidsordningar, velferdsteknologi, nye buformer og ny innovative løysingar, framfor reine effektiviseringstiltak som reduserer tenestetilbodet til den einskilde og fører til at tilsette må jobbe endå raskare.

Leve heile livet handlar om å finne løysingar på korleis vi kan skape eit meir berekraftig samfunn i møte med aldersutfordringane. Det handlar om å gjere einskilde ting på andre måtar enn før, og skape forenkling, fornying og forbetring gjennom innovasjon.

For å gjennomføre reforma har regjeringa lagt opp til ein reformperiode på fem år med opstart 01.01.19. Første fase i 2019 handla om at reforma vert sett på dagsorden i kommunane og i fylkeskommunane. I 2019-2020 (fase 2) skulle kommunane ta stilling til løysingar i reforma og planlegge korleis dei vil utforme og gjennomføre dei lokalt. Fase 3 handlar om implementering og gjennomføring (2021-2023). Siste fase (fase 4) handlar om evaluering og forbetring og der nokre kommunar vert det evaluering gjennom følgjeforskning. Grunna den pågåande pandemien og at fleire kommunar har brukt ressursane på oppgåveløysing i forbindelse med det, er det beslutta at reformperioden vert utvida med 1 år – ut 2024. Fasane i figuren vil derfor verte utvida i tråd med dette.



Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma, vil bli prioritert innanfor relevante eksisterande og eventuelle nye øymerka ordningar.

Leve heile livet i Stad kommune

Stad kommune vart etablert 01.01.2020. I prosessen med kommunesamanslåinga vart det gjort mykje kartleggings- og prosjektarbeid for å være best mogleg rusta i ny kommune. Tilsette i Eid og Selje jobba tett saman for å etablerte gode og robuste tenester i Stad. Målet har vore å gje likeverdige tilbod i heile kommunen og at kompetanse og ressursar vert prioritert hensiktsmessig ut frå behova.

Planarbeidet i Stad kommune gjeldande reforma har ikkje vore mogleg å få jobba aktivt med før i 2021. Sjølv om Stad kommune ikkje har hatt ein overordna samla plan, viser kartlegginga at det er mange tiltak og prosjekt i einingane som er i tråd med innsatsområda.

Formål med planen / avgrensing

Planen skal være med å gje retning for arbeidet med å utvikle eit aldersvennleg samfunn og tenester som fremmar livskvalitet og meistring for den eldre del av befolkninga i Stad kommune.

I Stad er det om lag 2075 personar i målgruppa over 65 år. Av desse er 590 over 80 år. I løpet av dei neste 10-15 åra vil tal eldre over 80 år nesten doblast. Framskrivingar viser at det også kan forventast ei stor auke dei neste 20 åra. For å være rusta for framtida er det avgjerande at vi planlegg og utviklar tenestene slik at vi legg til rette for eit aldersvennleg samfunn. Dei eldre i Stad kommune skal oppleve livskvalitet, tryggleik og meining i kvardagen uavhengig av livssituasjon. Hovudmålet skal være å leggje til rette for sjølvstende, slik at ein meistarar å bu lengst mogleg i eigen heim. Målet speglar sentrale og lokale føringar for å fremje god helse og livskvalitet uavhengig av alder, som igjen bidreg til ei berekraftig utvikling. Satsing på førebyggjande og støttande tiltak er avgjerande og bidreg til tryggleik og meistring av kvardagen for den einskilde.

2. Mål og strategiar

I kommunen sin kommuneplan, samfunnsdelen, er det vedteke følgjande Visjon for Stad kommune:

«Verdast beste vesle stad»

Visjonen skal samle og inspirere til felles utvikling og endring. Den skal gje oss krefter til alltid å ville nå lenger.

Samfunnsmålet i kommuneplan er :

«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»

Delmål:

- Stad kommune skal vere ein så god kommune å bu i at folk ønsker å bli buande her og nye flyttar til.
- Stad kommune skal ha gode levekår og tenester for innbyggjarar i alle livsfasar og aldrar.
- Stad kommune skal innan 2030 ha 10.000 innbyggjarar – ein samla vekst på 6 % (55 innbyggjarar per år) fram til 2030.
- Stad kommune deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse og for å stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.

Strategiske satsingsområde for samfunnet vi skal skape i planperioden

- Heilskapleg og effektiv

- Samskapande og inkluderande
- Nyskapande og kompetent

Arealstrategien skal bidra til at måla i samfunnsdelen kan realiserast gjennom arealpolitikken.

I tillegg er det delmål og formuleringar i samfunnsdelen som gjev føringar for prioritering av tiltak Jmf kap. 4.1, kap 5.1 ,kap 5.2 og kap 5.3. Her er det formulert mål og delmål som er førande for tiltak i denne planen, samt konkrete underpunkt «slik gjer vi det i Stad».

MÅL :

1. Stad kommune skal legge til rette for å utvikle eit tenestetilbod som fremmar livskvalitet og meistring av kvardagen for den einskilde innbyggjar
2. Tenestene skal ha god kvalitet og være bærekraftige over tid
3. Stimulere pårørande til innsats for sine nærmaste og unngå at pårørande vert utslitt
4. Godt arbeidsmiljø for tilsette og at dei får brukt sin kompetanse på ein god måte.

3. Utfordringsbilete og avgrensingar mot andre planar

Oppbygging

Planen har eit 4 års perspektiv. Vi ser av kartlegginga under, at tiltak for å fremje kvalitet i tenestene er eit kontinuerleg arbeid som har vore vurdert også før Leve heile livet reforma blei lansert. Fleire av tiltaka vil stå på dagsorden også etter at prosjektperioden for Leve heile livet vert avslutta i 2024. Planen vil være førande for prioriteringar i budsjett og økonomiarbeidet, samt tenesteområda sine verksemdplanar.

Mål og tiltak i planen har hovudfokus på innhald, utforming og kvalitet i tenestene. Kapasitet på bustad og institusjon vert behandla i Bustadpolitisk plan og i Helse og omsorgsplan.

Handlingsplanen gjev politiske føringar for retninga knytt til samfunns- og tenesteutvikling for eldre i Stad kommune og skal være styrande for alle i organisasjonen som på ulike måtar jobbar inn mot målgruppa for reforma.

Sentrale føringar:

- [Meld.st 29 \(2012-2013\) Morgendagens omsorg](#)
- [Omsorg 2020](#)
- [Demensplan 2020](#)
- [Kvalitetsreformen for eldre «Leve hele livet» \(2019-2023\).](#)

Lokale føringar:

- Kommuneplan

- Kommuneplan sin samfunnsdel
- Arealplan
- Budsjett og økonomiplan
- Kompetanse og rekrutteringsplan
- Helse og omsorgsplan (ikkje ferdig)
- Transportplan (under arbeid)
- Bustadpolitisk plan (under arbeid)

Utfordringsbilete

Samfunnet er i rask endring og utviklinga tyder på at vi beveger oss mot ei ny kommunerolle som frå fleire hald omtalast som kommune 3.0. Kommune 3.0 legg vekt på eit positivt menneskesyn. Alle har ressursar som dei kan bidra med i lokalsamfunnet, både til eige og til fellesskapets beste.

Kommunens tilsette bidreg til å finne desse ressursane, bringe menneske saman slik at dei kan støtte og hjelpe kvarandre. Fleire aktørar i lokalsamfunnet går saman om å utvikle nye løysingar og kommunen si rolle som tilretteleggjar vert viktig. Velferdsteknologi bidreg til å auke meistring i eigen kvardag. Lokalsamfunna mobiliserast på nye måtar. Frivillige lag og organisasjonar får auka betydning og nye former for frivilligheit utviklast.

Befolkningsframskriving Stad kommune: (Kjelde :FHI.no og SSB.no)


Alder:	2021	2025	2030	2035	2040	2045	2050	Endring %
Alle	9535	9352	9329	9309	9278	9224	9135	-4,1 %
65-74	1093	1170	1196	1198	1165	1087	1047	-4,2 %
75-79	394	462	506	555	540	569	522	+32 %
80 +	589	637	781	934	1091	1186	1286	+118 %
80+ i % av alle	6,2 %	6,8%	8,3%	10,6 %	11,7 %	12,8%	14,0%	

Det er knytt stor usikkerheit til framskrivingar som vist ovafor, men av tala ser vi at Stad må jobbe hardt for å nå målet om 10 000 innbyggjarar innan 2030.

Aldersgruppa 75 til 79 år får ein vekst på 32 %, mens tall personar 80 + vil få ein auke på 118 %, eller 24 nye personar 80+ kvart år i 29 år. I dag har 60 % av gruppa 80+ tenester frå heimetenesta. Når ein har passert ein alder på 90 år har 9 av 10 vedtak om tenester.


Stad har i dag 2076 personar som er 65 +. Det vil auke til 2855 personar i 2050. Det er ein auke på 37 %. Det er viktig å klare å sjå på fleire eldre som ein stor ressurs i samfunnet. Mange er pensjonistar i 20-30 år og vil i denne tida ha mange produktive år dersom lokalsamfunnet klarer å legge til rette slik at ein kan dra nytte av deira kompetanse og erfaringar.

Oversikt bustadadresse for målgruppa 76 år +



Det er totalt 915 personar i gruppa. Dei er fordelt på heile kommunen, Bryggja og Flatraket har ein liten overvekt i forhold til det totale folketalet.

Oversikt på bustadtype for gruppa 76 år +



Vi ser av tabell at svært mange i målgruppa bur i einestad eller våningshus, ofte av litt eldre dato. Det er truleg mange av desse bustadane som vil ha behov for utbetring for at eldre skal kunne bu der heile livet.

Kva som opplevast i være «god alderdom» vil være forskjellig frå person til person og kan ikkje definerast av offentlege myndigheiter. Men som forvaltar av offentlege tenester og tilbod vil vi være

lydhøyre ovanfor dei signal brukargruppene gjev, og legge forholda best mogleg til rette for at alle skal få det dei opplev som ein god og verdig alderdom.

Det er viktig at tilsette som forvaltar offentlege ressursar og lovverk har ei haldning som understøttar at kvar enkelt sak er ei sak for seg. Alle har rett til individuell behandling og alle har rett til å medverke i utforminga av eigne tenester. Det er likevel slik at kommunen må forvalte ressursane på ein best mogleg måte og det er såleis behova som styrer kva tenester som vert gjeve og ikkje ynskje i seg sjølv. Ein stor del av arbeidsstyrken går av med pensjon utan at tilveksten i yngre generasjonar aukar tilsvarande. Det blir fleire med behov for tenester og færre til å yte tenestene. Satsing på førebygging og eigenmeistring presser seg fram som sentrale prioriteringar i tida som kjem.

4. Kartlegging, medverknad og prosess knytt til arbeidet med planen

Det vart hausten 2021 kartlagt totalt 75 små og store tiltak fordelt på dei fem innsatsområda som er skissert i Stortingsmelding nr 15 (2017-2018). Det viser at Stad kommune allereie har mange tiltak som er med på å støtte opp om målet med Leve Heile livet. Dette er tiltak som er ein del av drifta og dei er i hovudsak innarbeidd i budsjetta til einingane eller finansiert gjennom tilskot til einskilde tiltak. Tiltaksplan vart vedteke av kommunestyre i desember 2021.

Medverking og prosess ved revisjon av planen

I desember 2021 vart det vedteke vidare arbeid med planen i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet. Det vart sett ned 5 arbeidsgrupper som har vurdert evt nye tiltak innan dei fem innsatsområda. Eldrerådet og pensjonistlaga frå indre /ytre del av kommunen var med i alle arbeidsgruppene. Det har vore ein gjennomgang av dei tiltaka ein har og vurdert vidareføring /styrking av desse. I tillegg skal kvar gruppe vurdert om det er behov for nye tiltak innan sitt område. Til hjelp i dette arbeidet har gruppene nytta kunnskapsnotata frå Stortingsmeldinga på dei 5 områda. Her vil ein kunne finne kunnskap om kva som har god effekt og praktiske eksempel på kva tiltak som kan setjast i verk for å nå målsettingane i Leve heile livet.

Det har vore gjennomført totalt 8 møter i dei 5 arbeidsgruppene. Dialogen med pensjonistlaga og eldrerådet har vore god og har gjeve prosjektgruppa betre innsikt i kva problemstillingar målgruppa 65 + opplever i kvardagen. Arbeidsgruppene la fram ei liste på 42 «nye tiltak» innan fristen som var sett til til den 15.03.22. Ved nærare gjennomgang av desse tiltaka viste det at gruppene hadde føreslege mange tilnærma like tiltak, men med litt ulik ordlyd. Etter ei opprydding både i opphavleg Handlingsplan og i framlegg til nye tiltak, sto vi att med 10 nye tiltak som vart plassert inn i handlingsplan under dei fem innsatsområda. Samla er det no 84 tiltak i framlegg til revidert handlingsplan.

Dei nye tiltaka er merka med gult i kolonne til venstre i tabellane i kap. 5.

5. Tiltak på dei fem definerte innsatsområda

1. Eit aldersvenleg samfunn i Stad kommune

Å berre byggje ut dagens tenestetilbod i takt med den demografiske utviklinga er ikkje tilstrekkeleg for å møte dei nye eldregenerasjonane. Stortingsmeldinga legg derfor opp til å invitere dei eldre sjølv og innbyggjarane til å vere med å skape eit meir aldersvenleg samfunn. Nasjonalt program for eit aldersvenleg samfunn utfordrar dei eldre sjølv til å engasjere seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av omgjevnadane rundt seg. Programmet har 5 tiltak:

- Planlegg for eigen alderdom
- Eldrestyrt planlegging
- Nasjonalt nettverk for aldersvenlege kommunar
- Partnerskapsordning
- Seniorressursen

Programmet skal utfordre innbyggjarane til å planleggje eigen alderdom gjennom kampanje med fokus på å:

- 1) Tilrettelegge eigen bustad
- 2) Investere i vener/sosialt nettverk
- 3) Oppretthalde best mogeleg funksjonsevne fysisk og sosialt gjennom eit aktivt liv.

Dei fleste bustader vi skal bli gamle i, er allereie bygd, men over halvparten av dei mellom 50 og 71 år meiner at bustaden deira er dårleg eller svært dårleg tilpassa med tanke på alderdomen. Data frå Norsk pasientregister for 2016 viser at dei fleste ulykkene eldre blei utsett for, er i eigen bustad eller utanfor bustadområdet. Tilrettelegging av eigen bustad er derfor eit av dei viktigaste tiltak kvar og ein av oss kan bidra med for å sikre gode omgjevnader å bli gamle i.

Like viktig som økonomisk kapital, kan det vere å møte alderdomen med sosial kapital og investere i familie, vener og sosialt nettverk. Overgang frå yrkesliv til pensjonisttilvære betyr ofte tap av kollegafellesskap og det arbeidsplassen betyr sosialt. Tap av ektefelle og jamaldrande i næraste omgangs krets medfører ofte utfordrande endringar i livssituasjonen for mange. Det er derfor viktig at vi sikrar at dei eldre opprettheld eit sosialt nettverk gjennom å ta del i frivillig arbeid, foreiningsliv og kulturelle og sosiale aktivitetar.

Eldre representerer ein stor ressurs som kan nyttast både i offentleg og privat regi. Det samla bidraget til samfunnet frå pensjonistar gjennom formelt og uformelt frivillig arbeid vert berekna til over 45 000 årsverk eller 25 mrd kroner for 2016. Potensialet for ytterlegare bidrag frå pensjonistar er stort, og det totale bidraget bør doblast fram mot 2030. Å ivareta seniorressursen, og oppmuntre til å utvikle den er viktig for den einskilde, og viktig for fellesskapet.

Tiltak/Prosjekt i Stad:

EIT ALDERSVENLEG NORGE			
Nr.	Tittel på prosjekt /tiltak	Kort omtale	Ansvar for prosjekt/tiltak
1	Temadag for 75 og 76 åringer: <i>Leve heile livet i din hjartestad- planlegge litt?</i>	Årleg temadag for 75- og 76-åringer som alternativ til førebyggjande heimebesøk https://stad.kommune.no/nyhend/e/temadag-leve-heile-livet.8633.aspx?fbclid=IwAR05L38pK1VJW0AgGjKe5jMkzCdfRaB6dFqzC1aGpLqox-0NRn7ve_cawEY 	Fysio- og ergoterapi tenesta (Selje og Eid) + Frivilligsentralen (Selje + Eid) Bustad team .
2	Bruk av møterom i Stad kommune.	Fri bruk av kommunale møterom/lokale for pensjonistlaga i Stad kommune.	Sekretær elderrådet.
3	Frivilligpolitisk plattform i Stad kommune	Samarbeidsdokument mellom kommune og frivillige. Korleis kan Stad kommune best tilrettelegge for auka rekruttering til frivillig virke, frivillige organisasjonar, deltaking i frivillig arbeid/sosiale møteplassar m.m.	Astrid G. Torheim, Maria Helgesen, Arild Vonheim, Tonje Ramse Trædal, Geir Holmen.
4	Serviceskyss	Indre del av Stad kommune har tilbod om Serviceskyss kvar tysdag og laurdag. Dør til dør transport etter oppsette ruter. Rutene finn du her: https://kringom.custompublish.com/stad.449656.no.html	Strategi og samordning.
	Ny transportplan under arbeid. Viktig at det vert	Til og frå servicefunksjonar.	Prosjektgruppe for ny transportplan i Stad/Nordfjord.

	arbeid for betre tilpassa ordningar for eldre.	Arbeide for at tilbodet skal verte betre, i samarbeid med fylkeskommune. Det er meldt inn som sak til arbeidet med ny transportplan.	
5	Hjelp ein sambygding.	Ordninga «Hjelp ein sambygding» må utviklast til å bli meir konkret og meir presis, og kan etter dette brukast til å koble dei som treng hjelp med dei som kan hjelpe dei, men grensa mellom kva profesjonelle må utføre, og kva frivillige kan utføre må konkretiserast /utgreiast. Tiltak som bør prøvast ut: Vaktmester for eldre, snøbrøyting. Frivilligsentralane har ei digital løysing som kan nyttast til registrering av dette.	Selje: Maria Helgesen Bryggja/Eid: Astrid G. Torheim Samarbeid med NAV, vaktmester, flyktingetenesta.
6	Tilrettelegging av bustad.	Ny bustadplan er under arbeid, planlagt oppretting av bustadgruppe som kan gje råd og rettleiing til eldre	Bustadgruppe / fys ergo.
7	Bu i eigen heim så lenge som mogleg	Informasjon og oversikt over tilskotsordningar i husbanken og bruk av hjelpemiddelsentralen sine tilbod.	Bustadgruppe / fys ergo. I samarbeid med pensjonistlaga
8	Gjennomgang av reguleringsplanar med sikte på areal til bygging bustader tilpassa eldre sine behov.	Regulere inn områder i bustadfelt kor det det mogleg å sette av område til små leilegheiter. Endre reguleringsplanar i ytre del av kommunen med sikte på enklare sakshandsaming ved nybygg/tilbygg i LNF område.	Plan avdelinga. Fokus ved neste revisjon av reguleringsplanar.
9	Tilrettelegging av eigen bustad	Opprette eigen bustadgruppe for hjelp og informasjon om tilrettelegging av bustaden.	Prosjektgruppe for ny bustadplan.
10	Samarbeid mellom pensjonistlaga og Stad kommune.	Pensjonistlaga må jobbe aktivt mot råd og utval. Bruke eldrerådet aktivt for å fronte sine ønsker. Tips å følge møta på kommunal-TV Arbeide for faste samarbeidsmøte mellom kommune og pensjonistlaga.	Pensjonistlaga i Stad samarbeid med eldreråd og Stad kommune.
11	Utplassering av fleire benkar.	Plassere ut nye benkar ved tur og sentrumsområde.	Vaktmeistertenesta.
12	Delta i nasjonale og regionale nettverk som arbeider med utvikling av aldersvennlege samfunn.	Stad deltek i «Nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn». Per mai deltek 178 kommunar i nettverket.	Prosjektgruppe for Leve Heile livet.

		Stadkommune deltek i regionalt nettverk for Vestland, oppstart 30/5-22. Begge nettverk er viktige for innhenting av ny kunnskap og nye erfaringar frå andre kommunar.	
13	Vidareføre prosjektgruppa for Leve heile livet ut 2024	Prosjektgruppa skal jobbe vidare med eit aldersvennleg samfunn. Legg opp til to faste møte per år, skal følgje opp tiltak i planen og evt opprette arbeidsgrupper på ulike tema ved behov. Sjå Handlingsplan kap. 6.	Kommunalsjef / prosjektleiar.

2. Aktivitet og fellesskap

Leve heile livet er ei reform for aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Målet er å ta vare på eldre sitt forhold til familie, vener og sosialt nettverk og skape gode opplevingar og møter på tvers av generasjonane. Fysisk, sosial og kulturell aktivitet skal vere tilpassa den einskilde eldre sine interesser, ynskjer og behov. Når livet blir ekstra sårbart, skal eldre få høve til samtale, motivasjon og støtte. Slik skal eldre få mogelegheit til å leve livet – heile livet!

Oppsummert er utfordringane i Norge i dag:

- Einsemd blant eldre relatert til endringar i livssituasjon, partnardød, endra helsetilstand og funksjonsnivå
- Inaktivitet og aktivitetstilbod som ikkje er tilpassa individuell ynskjer og behov
- Manglande ivaretaking av sosiale, kulturelle og eksistensielle behov
- Lite systematisk samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og frivillige/sivilsamfunn
- Manglande møteplassar, samlokalisering og digitale generasjonsskilnader

Stortingsmeldinga foreslår 5 løysingar for å skape auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap:

- Gode augneblink
- Tru og liv
- Generasjonsmøter
- Samfunnskontakt
- Sambruk og samlokalisering

Tiltak/Prosjekt i Stad:

AKTIVITET OG FELLESSKAP			
Nr:	Tittel på prosjekt /tiltak	Kort omtale	Ansvar for prosjekt/tiltak
1	Frivilligsentralane i Nordfjord/ Vestland frivilligsentralar / Norges Frivilligsentralar	Gode samarbeidsnettverk der idear til tiltak / konkrete aktivitetar knytt til Leve heile livet vert delt. Norges Frivilligsentralar har eiga prosjektstilling for Leve heile livet, og her vert det jamleg arrangert webinar med aktuelle tema for reforma. https://leveheilelivet.frivilligsentral.no/	Eid Frivilligsentral og Selje Frivilligsentral er med i desse nettverka.
2	Frivilligåret 2022	Vi satsar på ei rikhaldig markering av Frivilligåret 2022. Dette kan enkelt flettast saman med Leve heile livet reforma. https://frivillighetensar.no/	Kulturavdelinga v/Frivilligsentralane. Kommuneorganisasjonen må også koplast på.
3	BUA Selje / BUA Eid	Gratis utlån av aktivitetsutstyr til alle aldersgrupper. Perfekt for eldre som har mindre lagringsplass, men som ønskjer å ha utstyr å aktivisere både	Selje frivilligsentral: Maria Helgesen, LA-senteret: Jannike Sundal

		seg sjølv og etterkomarar som er på besøk med.	
4	Andakt, Hogatunet	Fast tiltak kvar onsdag	Hogatunet/kyrkja
5	Besøkstenesta	Røde Kors besøksteneste	Hogatunet/Røde kors
6	Arrangement i Operahuset Nordfjord	www.operahuset.no Arrangementa i seg sjølv engasjerer ofte eldre som aktørar og frivillige, til dømes Opera Nordfjord, lag og org.	Operahuset Nordfjord
7	Utleige av lokale	Operasal, kinosal, klasserom osv til alle typar føremål	Operahuset Nordfjord
8	Kantina Eid vidaregåande skule.	Skulekantine i skuletida, som også er open for alle andre. I tillegg til elevar og tilsette på huset, er her barnehagebarn, grunnskuleelevar, bibliotekbesøkande, dagkinogjengarar, kursdeltakarar osv. Viktig møteplass for møte mellom generasjonar.	Eid vidaregåande skule/ Operahuset
9	Dagkino	Populært tilbod til pensjonistar/eldre.	Stad kino
10	Den kulturelle spaserstokken	Vi organiserer tilbod til eldre der dei oppheld seg i kvardagen, til dømes i institusjonane. Konsertar, allsong, føredrag mm.	Kultureininga i Stad kommune
11	Digihjelp	Hjelp for eldre til å lære å meistre digitale hjelpemiddel som til dømes pc og internett	Stad bibliotek
12	Litterære arrangement og andre føredrag	Lokale og nasjonale forfattarar som snakkar om sitt forfattarskap. Føredrag om lokalhistoriske hendingar og personar.	Stad bibliotek
13	Utlån av litteratur og avisar	Rikshaldig avis og boksamling på både Nordfjordeid og i Selje.	Stad bibliotek
14	Kulturskulen held elevkonsertar på sjukeheimar og institusjonar	Barn og unge formidlar kunst og kultur til dei eldre og skapar gode augeblikk og møter.	Stad kulturskule
15	Den samskapande kommune – Eit meningsfullt og aktivt liv	Prosjekt under DSK (sjå under) Folkehelse. Prosjektet er under oppstart.	Arild Vonheim, Mirjam Kreisel, Kristin Otneim Aarsnes, Janne Mari Hjelle
16	Grøne møteplassar	Prosjektet «Grøne møteplassar – saman om eit levande sentrum» er del av forskingsprosjektet «Den samskapande kommune(DSK)». Formålet med prosjektet er å realisere radikal og likeverdig samskaping. Det inneber eit breitt samarbeid mellom næringsliv, sivilsamfunn, kommuneadministrasjon og	Arild Vonheim, Mirjam Kreisel og Marte Sofie Søreide

		politikare–og viktigast av alt innbyggjarar i lokalsamfunnet, som skal vere aktive medskaparar i alle fasar av prosjektet. Prosjektet DSK har starta oppi 2020 og varer til 2023.	
17	Kulturnatta i Stad	Kulturmarkering /feiring i heile Stad kommune andre helga i november. Koordinere eit felles program med kulturmøteplassar rundt om i heile kommunen.	Maria Helgesen – Selje Frivilligsentral.
18	Språk kafe og frivilligtreff	Treff i 1. etg. På kommunehuset i Selje. Samarbeid med biblioteket og integrering/ vaksenopplæring	Maria Helgesen
19	Digihjelp/digidag (Selje) (NY) Seniornett Eid/Digidag (Eid)	Digital opplæring for seniorar. Ansv. Selje Bibliotek/Frivilligsentral Ansv. Eid – Seniornett Eid/Eid Frivilligsentral (Eid Pensjonistlag)	Eli Eide Aarevik Astrid G. Torheim/Solgunn Leivdal
20	Meistringskafe (Selje og Eid)	Sosiale møteplass om å mestre kvardagen og finne sin aktivitet å fylle dagen med. Starta under “Ut av einsemd” prosjektet. Blir truleg vidareført på nyåret.	Maria Helgesen/Emilie Nyheim (Selje) Astrid G. Torheim /Elke Rauchenbach (Eid)
21	Sjakk og samfunn	Møtestad gjerne på tvers av generasjonar der ein spelar sjakk saman.	Førebels kun på Selje Frivilligsentral. På Eid Frivilligsentral i 2022.
22	Telefonvenn	Frivilligsentralane har telefonvenner for dei som treng nokon å snakke med. I gamle Eid er dette eit samarbeid med Røde kors - omsorg	Maria Helgesen Astrid G. Torheim/Inger Johanne Brekke.
23	Tilrettelegge for møteplassar i Eidsgata 9 og 1. etg. på kommunehuset i Selje	Frivilligsentralane har ei rolle i å hjelpe lag/organisasjonar og andre til å skape sosiale møtestader på desse to stadane.	Selje: Maria Helgesen Eid: Astrid G. Torheim
24	Sittedans	Frivillige som arrangerer Sittedansøktar på Fossevegen Bufellesskap og Hogatunet kvar fredag. Bevegelse til musikk medan ein sit. Kjempemoro! Startar opp etter koronapause 22.10.	Astrid G. Torheim/Anne L. Alsaker (frivillig)
25	FredagsForfattar	Samskape med Folkeakademiet i Eid om sosial møteplass og presentasjon av lokale forfattarar ein gong i månaden.	Astrid G. Torheim/Svanhild Lothe (friv)/Mai Elise Hammer (friv)
26	8. mai markering	Årleg markering av Frigjerings- og veterandagen 8. mai. Samarbeid med mange ulike involverte.	Astrid G. Torheim
27	Tru og liv	Faste andakter med prest og organist	Seljetunet

28	Generasjonsmøter	Faste besøk frå barnehagen i Selje kvar fredag	Seljetunet
29	Utplasseringselevar	Tek i mot elevar frå skulen på førespurnad	Seljetunet

3: Mat og måltid

God mat er grunnleggande for god helse og livskvalitet heile livet. Målet er så skape gode måltidsopplevingar og redusere underernæring. Eldre skal få næringsrik mat som både ser godt ut, dufter godt og smakar godt. Mat og måltid blant eldre har hatt stor fokus dei seinare åra, men framleis er det eit stykke mellom tilrådd praksis og utøvd praksis i tenestene. Oppsummert er hovudutfordringane:

- Manglande systematisk oppfølging
- Manglande sosialt fellesskap og lite vektlegging av måltidsomgjevnadane
- Få måltid og lang nattfaste
- Lite mangfald og valfridom
- Lang avstand mellom produksjon og servering

For å møte utfordringane, føreslår reforma 5 løysingar

- Måltidstider
- Valgfriheit og variasjon
- Systematisk ernæringsarbeid
- Kjøkken og kompetanse lokalt
- Det gode måltid

Tiltak/Prosjekt i Stad:

MAT OG MÅLTID			
	Tittel på prosjekt /tiltak	Kort omtale	Ansvar for prosjekt/tiltak
1	Ernæringskartlegging	Alle pasientar vert kartlagt ved innkost og endring	Personale.
2	Ernæringsplan	Alle pasientar for eigen ernæringsplan/ønskekost	Personale i avdeling/kjøkken
3	Middagskøyring i regi av frivillige (gamle Eid + Bryggja)	Frivillige køyrer middags ut til bufellesskap og heimebuande. Slår gjerne av ein prat i same slengen og ser til at mottakar har det bra.	Eid Frivilligsentral/ Heimetenesta / Kjøkkenet på Hogatunet.
4	Kafe på Elvebøen	Elevar på 9. trinn lagar middag til kostpris for bebuarane på Elvebøen, og heimebuande eldre i nærområdet. Ein gong i veka. Har hatt koronapause og er ikkje kome i gang att etter det, men det er ønskjeleg.	Eid Frivilligsentral / heimetenesta / Eid Ungdomsskule
5	Det gode måltid	Hovudfokus: 1.Skape gyldne måltids-augneblikk gjennom heile året og samarbeid med avdelingane. 2. Mest mogleg likt tilbod frå dei to kjøkkene og på avdelingane.	Fagleiar kjøkken hovudansvarlege. Medansvarlege er alle avdelingsleiarar og eventuelle einingsleiarar.

		Tiltak er mellom anna: - Kombinerer god og innbydande mat med dekket bord og god atmosfære. - Invitere pårørende der ein kan dette, til dømes julebord og sommarfest. At brukar kan relatere seg til t.d påske, då kan vi bruke mykje gult, og lage tradisjonelle påskeretter. Dette gjelder og t.d også feitetysdag, 17 mai, sommar haust, vinter og jul.	
6	Måltidstider	- Brukarundersøking i høve tidspunkt for måltid er utført seljetunet i 2018, ikkje behov for å kartlegge igjen før i 2023/24. Då felles for heile stad kommune. - Ingen ynskja flytting av tidspunkt for middag i 2018 og ein flytta difor ikkje tida men innførte seinkvelds. -Seinkvelds måltidet kan nyttast heile døgnet men er hovudsakleg for å redusere nattefaste. Det vert laga heimlaga supper og grøter med høgt næringsinnhald, avdeling får dette utdelt kvar uke etter behov. Kjøkken Hogatunet tilbyr eigne næringsrike produkt til same formål. -Kjøkken legg til rette for sein middag til dei heimebuande som ynskjer dette. Kjøkkenet leverer ut denne maten til avdelingane og heimetenesta som varmar opp og leverer ut denne maten til ønska tidspunkt.	Fagleiar kjøkken og einingsleiar
7	Valgfrihet og variasjon	- Auke fokus på samspisingssituasjon i bemanna bustadar / institusjon. Korleis ivareta matlyst og matglede, driftsbehov samt individuelle behov ? -Vurdere behovet for dia-kost ved seljetunet, Hogatunet produserer ikkje dette -Varme frukostar/hotellfrukost, skape matlukt på avdeling (nysteikte vaflar, rundstykker, bollar osv), festmåltid til spesielle anledningar, ekstra spesielle middagar som til dømes kveite, klippfisk eller svineribbe nokre fastsette gongar gjennom året. - vekke sansar med fargerik mat	Fagleiar kjøkken og einingsleiar

		- Lage tradisjonsrik mat og ha fokus på merkedagar som til dømes feitetysdag - Sesongbasert mat - Samspising , informasjon og fokus på å legge til rette for dette til dei som ynskjer det . - Fokus på kreativitet med måltid. T.d : nokre koker ekstra makaroni om det er tomatsuppe, nokre tilsett ein fløte eller rømmeskvett i suppa, nokre serverer gjerne semulegrøt kald med litt rød saus som ein god dessert om nokre vil ha det. - Hogatunet, Fossevegen og Bryggja startar med å steike vaflar ein gong i veka på avdelingane. Får røre frå kjøkkenet som er kaldheva frå dagen før.	
8	Systematisk ernæringsarbeid	- Kartlegge ynskjer og behov gjennom «Mitt livsark», legge til punkt i skjema som handlar om ernæring / forhold til mat og måltid tidlegare i livet. - Følgjer helsedirektoratet sine kosthaldsanbefalingar i produksjon og planlegging. -Ta i bruk nytt og forenkla kartleggingsverktøy frå helseførde i staden for MNA - Ernæringskartlegging utførast ved alle heimebesøk, ved endring i tenestebehov og ved behov (minimum årleg) ved bemanna bustad/ institusjon -Utvikle døme på tiltakspakke for oppfølging av ernæringsmessig risiko, både under- og overernæring.	Fagleiar kjøkken og einingsleiar
9	Kjøkken og kompetanse lokalt	-Tverrfaglege samarbeidsgrupper mellom institusjon og kjøkken, heimeteneste og kjøkken. -E-læringskurs til alle tilsette i helse og omsorg årleg -Implementere e-læringskurs om ernæring i nyttilsett prosedyra i kommunen - Auke kompetanse og kunnskap om at kroppslege endringar kan verke inn på matinntak, matlyst og ernæringsstatus(tann/munnhelse, tørstefølelse, tygg og svelg, redusert tømming, auka tendens til	Fagleiar kjøkken og einingsleiar

		forstopping, langsommare fordøyelse, reduisert fysisk funksjonsevne	
--	--	--	--

Strategi 4: Helsehjelp

Eldre skal få mogelegheit til å leve heime så lenge som mogeleg og få støtte til å meistre kvardagen, på tross av sjukdom og funksjonssvikt. Samtidig skal dei vere trygge på at dei får hjelp når dei treng det. Når livet går mot slutten, skal eldre få god lindrande omsorg og pleie. Mange eldre opplever at dei ikkje får ivareteke sine grunnleggjande behov for helsehjelp og bistand til å førebyggje sjukdom og funksjonssvikt. Mange eldre ynskjer ei helse- og omsorgsteneste som i større grad tar utgangspunkt i dei eldre sine behov og lar eldre få vere sjef i eige liv lengst mogeleg. Oppsummering er utfordringane:

- Manglande merksemd på meistring og førebygging
- Dårleg oversikt over samansette behov og problem
- Lite bruk av fysisk aktivitet og trening
- Manglande bruk av nye behandlingsformer
- Lite systematisk kartlegging og oppfølging av den einskilde

For å møte utfordringane, føreslår reforma 5 løysingar der målet er å auke meistring og livskvalitet, førebyggje funksjonsfall og gje rett hjelp til rett tid:

- Kvardagsmeistring
- Proaktive tenester
- Målretta bruk av fysisk trening
- Miljøbehandling
- Systematisk kartlegging og oppfølging

Tiltak/Prosjekt i Stad:

HELSEHJELP			
	Tittel på prosjekt /tiltak	Kort omtale	Ansvar for prosjekt/tiltak
1	Gode pasientforløp	Alle einingar i helse er med i prosjekt med KS - mål er å få til gode overgangar mellom dei ulike tenestenivåa	Rita Hatlenes og Siri Heggen Alle einingar er representert
2	Hukommelses team	Team som følgjer opp pasientar med demens.	Team som er sett saman av tilsette frå ulike einingar. Tett samarbeid med fastlegane.
3	Tiltakspakke demens	Hukommelsesteamet i Stad arbeider med presentasjon av forslag til korleis ein kan gje systematisk oppfølging av demente, ved at kommunen kanskje kan ta i bruk "tiltakspakke demens".	Hukommelsesteamet i Stad kommune
4	Digital heimeoppfølging	Digital heimeoppfølging, (tidlegare medisinsk avstandsoppfølging) er bruk av teknologisk løysingar som gjer at pasienten	Pilotprosjektet er eit samarbeid mellom dei kommunale helse- og omsorgstenestene,

		kan følgast opp av helse- og omsorgstenesta heime.	fastlegane og spesialisthelsetenesta.
5	Velferdsteknologiprojektet	Prosjekt for kommunane i tidlegare S&Fj, der målet er at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenestetilbodet i omsorgstenesta	Prosjektgruppe sett saman av tilsette frå ulike einingar.
6	Ut av einsemd – inn i aktivitet	Frå hausten 2020 var Hamna med på å tilrettelegge tilbod for einsame eldre som hadde behov for sosial kontakt, samt å komme ut i aktivitet. Evalueringsrapport er utarbeida.	Astrid Grete Torheim, Maria Helgesen og Arild Vonheim
7	Friluftslivets ferdselsårer	Kartlegge og legge til rette for nærmiljøturar – Opptur Stad Generasjonsmøter ute i naturen Prosjektet blir ferdig til våren 2022.	Arild Vonheim
8	Aktivitetstiltak mot einsemd – Heimebuande eldre	Støtte frå Statsforvaltaren. Tiltak, aktivitetssøker sykling med buande på institusjon og/eller heimebuande Hamna er ansvarleg for gjennomføring, planlegging og koordinering av aktiviteten. Seniortrim. Auka deltaking i sosiale møteplassar m.m. Samarbeid med aktivitetstilbydarar og frivillige organisasjonar.	Astrid Grete Torheim, Maria Helgesen og Arild Vonheim
9	Sterk og stødig	Treningsgruppene er eit ledd i satsinga på førebygging av funksjonssvikt og fall. Innhaldet er utvikla av fagmiljøet GeMS (geriatri, bevegelse og slag) ved NTNU i samarbeid med Trondheim kommune og ei ressursgruppe av fysioterapeutar frå fleire norske kommunar Målgruppa for treninga er vaksne som opplever endringar i bevegelsesfunksjon og ustøtheit • Blir arrangert kurs for instruktørar mars 2022	Emilie Nyheim - Frisklivssentralen og Frivilligsentralane Nytt i Stad kommune
10	Digital Yoga for godt vaksne	Frå veke 38 – 50 (og frå nyttår til påske) tilbyr frivilligsentralane gratis yoga for Godt vaksne. Instruktør er Gry Hansen v/ Bygda Yogaskule via whereby. To gangar i veka kan ein logge seg på og vere med frå kor som helst. Måndagar kl. 12.00 og torsdagar kl.: 16.30.	Maria Helgesen og Astrid G. Torheim
11	Vanntrim på Nordfjord hotell	Gjennom prosjektmidlar dekkjer Eid Frivilligsentral deltakaravgift for personar 65+ som ønskjer å delta på vanntrim i bassenget på Nordfjord Hotell 1 gong i månaden. Prøveordning fram til 01.01.22	Astrid G. Torheim

12	Proaktive tenester	Fast samarbeid med ergoterapeut kvar tysdag ift. Førebygging, hjelpemiddel, utskriving etc	Fysio/ergo/seljetunet
13	Målretta bruk av fysisk trening	Rehabiliteringsplanar og fast fysioterapeut.	Fys /ergo
14	Kvardagsmeistring	Organiserer trim kvar onsdag	Seljetunet leiarteam
15	Systematisk kartlegging og oppfølging	LMG, samarbeid med lege/ farmasøyt. Ernæringskartlegging. Fast oppfølging frå tannhelsetenesta. Legevisitt x1 i veka. Ellers mange andre kartleggingar i høve bustad, inn og ut skriving, helsetilstand m.m	Seljetunet
16	3-årig Prosjektstilling innan velferdsteknologi	Ny prosjektstilling frå 1/1-22. Oppfølging av digital heimeoppfølging og velferdsteknologi.	Kommunalsjef
17	Kompetanse og rekrutteringsplan for Stad kommune.	Viktig dokument for i arbeidet med rekruttering i ei tid med mangel på arbeidskraft	Kommunalsjef
18	Fallforebyggande gruppe	Tilbod om tidsavgrensa fallforebyggande trening for eldre med auka funksjonsfall. Ved Hogatunet og Seljetunet	Fysioterapi- og ergoterapitenesta Stad kommune
19	Informasjonsmøter i pensjonistlaga .	-Info om Felles tenestestandard i Stad kommune + omsorgstrappa -Tema bustad, planlegge eigen alderdom -Bidra til å auke helsekompetanse og at innbyggjarane tek ansvar for å planlegge eigen alderdom. -Haldningsskapande arbeid, nå ut med informasjon til fleire eldre. -Diskutere eventuelt behov for privat vaktmeisterteneste blant heimebuande eldre -Pensjonistlaga inviterer aktuelle aktørar ved behov, t.d. frå kommunen.	Pensjonistlaga i samarbeid med Stad kommune. Opprette faste møte kvar haust mellom kommune og pensjonistlag

Strategi 5: Samanheng i tenestene

Leve hele livet er ei reform for å skape meir samanhengande tenestetilbod for eldre og deira pårørande. Målet er å gje eldre auka tryggleik og føreseielege pasientforløp og overgangar, få færre hjelparar å forholde seg til og oppleve større grad av kontinuitet i tilbodet. Målet er også å ta vare på dei som tar vare på sine næraste og gje dei støtte og avlastning slik at dei ikkje slit seg ut. Mange eldre opplever at tenestene er for oppstykkja og manglar heilskap og kontinuitet. Det fører til utryggleik og bekymringar, og rammar særleg dei med størst behov. Oppsummert er utfordringane:

- For lite personsentrert tilnærming
- For lite avlastning og støtte til pårørande
- Manglande kontinuitet og tryggleik, for mange tilsette å forholde seg til og usikkerheit om og når hjelpa kjem
- For mange brot og krevjande overgangar mellom tenestetilbod i kommunane
- For lite kontinuitet og tryggleik i overgangen mellom dei ulike tenestenivåa.

For å møte utfordringane, vert det føreslått 5 løysingar der målet er å gje auka kontinuitet, tryggleik og føreseielege pasientforløp til eldre og deira pårørande:

- Den einskilde sitt behov
- Avlastning og støtte til pårørande
- Færre å forholde seg til og auka kontinuitet
- Mjukare overgangar mellom eigen heim og sjukeheim
- Planlagde overgangar mellom kommunar og sjukehus

Tiltak/Prosjekt i Stad:

SAMANHENG I TENESTENE			
Nr:	Tittel på prosjekt /tiltak	Kort omtale	Ansvar for prosjekt/tiltak
1	Gjennomføring målsamtalar/Kva er viktig for deg?	Møter og samtalar der pas./pårørande og personale utarbeider individuelle mål/ønsker for opphald og tida framover	Hogatunet
2	Gode pasientforløp	Planlagde overgangar mellom kommune og sjukehus. Alle einingar i helse er med i prosjekt med KS - mål er å få til gode overgangar mellom dei ulike tenestenivåa med utarbeiding av felles sjekklister	Rita Hatlenes og Siri Heggen Alle einingar er representert
3	Foreningsportalen i Stad	Digital oversikt over organisasjonar og aktivitetar i Stad kommune. Få flest mogleg frivillige lag og organisasjonar, sosialentreprenørar og kommunale aktivitetstilbydarar til å registrere seg i	Frivilligsentralane v/Astrid G. Torheim og Maria Helgesen

		foreningsportalen med kontaktinformasjon og presentasjon av seg sjølv. I tillegg få dei til å aktivt legge inn aktivitetar i aktivitetskalender. Klar til bruk oktober 2021.	
4	Samarbeid mellom Stad kommune og frivilligheit om ekstra tiltak knytt til julehøgtida.	Tiltak som førebyggjer einsemd, psykisk uhelse, tiltak for lavinntektshushaldningar m.m. i samband med julehøgtida. - Julegåva til ein ukjend. - Juleglede for eldre/barn. - Matkasseprosjekt - Opa julefeiring (kan bli ein realitet i 2021)	Astrid Grete Torheim, Maria Helgesen saman med fleire kommunale avdelingar, Røde Kors og næringslivet m.fl.
5	Frå meirarbeid - meirverdi	Prosjekt som skal lage enkle rutinar for samarbeid og samhandling mellom frivillige og tilsette i helse og omsorgssektoren i Stad kommune. Prosjektet går gjennom heile 2021, og vi tenkjer oss at rutinane vert tekne i bruk i heile kommunalfeltet i 2022.	Prosessleiarar: Maria Helgesen/ Astrid G. Torheim Ressursgruppe: 4 assisterande einingsleiarar frå helse og omsorg i Stad kommune og 4 frivillige.
6	Avlasting og støtte til pårørande	Tildeling av avlastingsopphald, rullerande avlasting. Samarbeidsmøte med pårørande, aktiv involvering.	Tildelingsnemnd Institusjon og heimetenesta.
7	Auka kontinuitet	Primær og sekundærkontakter i eininga. Fagmøte som omhandlar oppfølging av bebuarar, i personalgruppe. samarbeidsmøte elles med tenester.	Einingsleiar institusjon.
8	Mjuke overgangar	Faste samarbeidsmøte mellom HT og INST . Fokus på dette i fleire forum overordna	Einingsleiar Seljetunet
9	Planlagde overgangar mellom kommune og sjukehus	«Prosjekt det gode pasientforløp» med gruppearbeid og implementering av sjekklistar i kommunen.	
10	Reglement for tildeling av omsorgslønn i Stad	Vedteke av KS. Viktig dokument ved tildeling av omsorgslønn.	Sakshandsamar helse og omsorg

11	Reglement for tenestestandard i Stad	Vedteke av KS. Styrande for tildeling av tenester	Kommunalsjef/sakshandsamar
12	Styrka kommuneoverlegestilling i Stad frå 2022	Utvida stilling frå 50 til 100 % frå 1/1-22. Viktig i arbeidet med samanheng i tenester innan helse og omsorg	Kommunalsjef
13	Tildelingspraksis – informasjon vedr. geografi vs. tildeling av tenester	Må kommuniserast ut til innbyggjarane (avklare via nettsider, felles tenestestandard, osv.?)	Kommunalsjef /Einingsleiarar helse og omsorg.

6. Plan for vidare arbeid med Leve heile livet

Prosjektgruppa for Leve heile livet vert vidareført i heile planperioden som no er forlenga ut 2024. Det vert lagt opp til ein møtefrekvens på 2-4 møter i året. Prosjektleiar har ansvar for å kalle inn til møta. Prosjektgruppa kan opprette arbeidsgrupper / delprosjekt dersom det er nødvendig for å få utgreidd og gjennomført evt nye tiltak fram til utgangen av 2024. Ved nye prosjekt skal det utarbeidast mandat og prosjektplan.

Prosjektgruppa skal sikre at dei vedtekne tiltaka i handlingsplanen vert følgt opp / implementert. Det innbefattar at enkelte av dei foreslåtte tiltaka skal undersøkjast og utredast nærmare.

Planen skal rullerast og leggast årleg frem til politisk handsaming før rammesak. Prosjektets varigheit sjåast i samanheng med den nasjonale reforma Leve hele livet som gjennomførast ut 2024.

Framlegg til mandat for prosjektgruppa Leve heile livet

1. Gruppa bør ha 2-4 møter årleg.
2. Prosjektgruppa skal følgje opp tiltaksplan og overvake at tiltaka vert gjennomført, evt avslutta.
3. Prosjektgruppa skal halde Stad kommune si nettside for Leve heile livet oppdatert.
4. Prosjektgruppa har ansvar for å vurdere om det skal søkast om tilskot for gjennomføring av tiltak.
5. Prosjektgruppa skal delta i nasjonalt nettverk for eit aldersvennleg Norge
6. Prosjektgruppa skal delta i regionalt nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn(Vestland)
7. Prosjektgruppa kan opprette eigne arbeidsgrupper dersom det er behov for å få gjennomført tiltak / søknader om tilskot til nye tiltak.
8. Utarbeide ein årleg rapport på status tiltak knytt til årsrapporten for Stad kommune.